



Fylkesmannen i Hordaland
v/Fylkesmann Lars Sponheim
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dykkar ref.
Vår ref. ANB

Journalp.ID 13/14321
ArkivsakID 10/816
Arkiv nr. GBNR-5/93, N-511

Dato 31.10.2013

KLAGE PÅ OVERPRØVING AV LOVLEG FATTA VEDTAK I MELAND KOMMUNE

Utval for drift og utvikling i Meland kommune godkjente i møte 15.03.2011, sak 040/11, søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i område sett av til Landbruks-, natur- og friluftsområdet i kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av bustad på etablert bustadtomt gnr. 5, bnr. 93, Fløksand. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-1, jf §§ 19-2 og 19-4.

Før søknaden vart behandla av kommunen sitt politiske utval, var saka sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, i tråd med nemnde lovreglar. Ingen av instansane hadde merknader til søknaden.

Etter at søknaden var godkjent, vart saka sendt til begge instansane for vurdering av evt. klage på kommunen sitt vedtak, i tråd med gjeldande rutinar. Ingen av instansane påklaga kommunen sitt vedtak.

Tomteeigar har kontakta Statens vegvesen fordi han treng godkjenning av avkjørsle for å gjennomføre prosjektet. Eksisterande avkjørsle til Fv 564, som tomteeigaren skal nytte, vil kunne fylle tekniske krav til avkjørsler både med omsyn til utforming og friskt. Kommunen kan ikkje sjå at Statens vegvesen har behandla søknaden om utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

Det er med undring Meland kommune ser at Statens vegvesen i staden har gripe inn i kommunen si rolle som dispensasjonsmynde, og velgjer å sette til sides Utval for drift og utvikling sitt lovleg fatta og rettskraftige dispensasjonsvedtak. Vurderingar knytt til rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging og lokalsamfunnsutvikling, medrekna verknader for helse, miljø og tryggleik, er som kjent fundamentalt ved vurdering av dispensasjonssøknader. Det same gjeld eventuelle presedensverknader.

Meland kommune ser alvorleg på at saksbehandlinga hjå Statens vegvesen i svært mange enkeltsaker dei siste åra tek ein retning som vi ikkje finn lovheimel for, og oppfattar dette som eit stort demokratisk problem i tillegg til eit rettstryggleikproblem for innbyggjarane.

Meland kommune ber staten v/Fylkesmannen sikre at regionale instansar sine vedtak i denne aktuelle saka og framtidige saker vert lovleg fatta.

Vedlagt følger skriv frå Statens vegvesen og tiltakshavar.

Med helsing

Nils Marton Aadland
Ordførar

Kopi til:
Samferdselsavdelinga Hordaland fylkeskommune
Meland kommunestyre
Rådmannen i Meland
Sektorleiar for Plan,utbygging og kommunalteknikk
Statens vegvesen Region vest